

Konjunktival provokasjon (auge-provokasjon)

Innleiing

Symptom frå augene er vanleg ved pollenallergi, og kan utgjera dei mest plagsame symptomta, og også vera vanskelege å behandla. Det kan likevel vera vanskeleg å fastslå sikkert om symptom frå auga kjem av eit mistenkt allergen (t.d. bjørk). Provokasjonen medfører låg risiko for alvorleg reaksjon eller komplikasjonar, og er særleg aktuell ved mistanke om allergi når andre testar er negative.

FØR

Viss du har annan augesjukdom eller har hatt ein augeoperasjon dei siste 6 mnd kan det vera grunn til ikkje å gjera provokasjonen. Provokasjon med pollen vert ikkje utført i pollensesongen. Provokasjonen vert heller ikkje utført under graviditet. Kontaktlinser kan ikkje brukast provokasjonsdagen, og så lenge ein eventuell reaksjon varer. For at provokasjonen skal gjennomførast må du før du kjem unngå enkelte medisinar.

Medisinar som ikkje må takast før provokasjon:

Augedråper:

Kortison (t.d.: Spersadex, Softacort, Ultracortenol)	2 dager
Antihistamin (t.d.: Livostin, Opatanol, Spersallerg)	2 dager
Adrenergika (t.d.: Spersallerg)	2 dager
Kromoglikat augedråpar (t.d.: Lomudal, Lecrolyn)	2 dager
NSAIDs/betennelsesdempende (t.d.: Ibox, Voltaren)	1 uke
Cyclosporin (f. eks.: Ikervis)	1 uke

Tabletter:

Antihistamin (t.d.: Aerius, Cetirizin, Loratadin, Telfast, Zyrtec)	1 uke
Kortison (t.d.: Prednison, Prednisolon,)	2 uker
Leukotrien antagonist (t.d.: Singulair, Montelukast)	3 uker

Om du bruker astmamedisin, skal du ta dei som vanleg, også undersøkelses dagen.

UNDER

Provokasjonen vert utført ved at du får drypt inn ein droppe av eit allergenekstrakt i svak konsentrasjon i auget. Om du i løpet av 15 min ikkje får nokon reaksjon i auget vil du få ein droppe til.

Etter kvar provokasjon blir registrert symptomta dine og du blir undersøkt på reaksjon i det kvite på auget (konjunktiva).

Den vanlegaste reaksjonen er kløe og raudhet i auget. Det kan òg komma tåreflod, hevelse i augelokket og rundt auget. Ved reaksjon vil du få behandling med augedråpar. Av og til kan det bli nødvendig med kald kompress over auga. Nokre gonger opplevast symptom òg frå nasen, halsirritasjon, og utslett som elveblest. Astmatisk reaksjon hos kjende astmatikarar kan finnast i sjeldne tilfelle.

ETTER

Etter provokasjonen må du ved positiv reaksjon observerast i inntil 2 timar etter siste dose er gitt, ved negativ test i 30 minutt. Heile provokasjonen kan ta inntil 2 ½ timar.

Kontaktinformasjon:

Har du spørsmål, ring oss gjerne på telefon 55 97 38 75/ 70 mellom kl. 08.00 og 15.30 måndag-fredag